



Damer som imponerte: Margunn Eik(2), Kirsten M. Melkevik og Wenche G. Enes får velfortente medaljar av Ingrid Christiansen. Speaker Kjell Erik Kristiansen i bakgrunn.

Margunn Eik gjorde ein fantastisk innsats under dagens NM i motbakkeløp som vart arrangert i Rosendal. Frå ho starta nede ved ungdomsskulen til ho nådde toppen av Malmangernuten brukte ho berre imponerende 50 minutt og 32 sekund. Og då hadde ho den obligatoriske sekken på minst 2,5 kg på ryggen. Dette gav ein flott sølvplass i klasse 40-49 år då ho berre vart slått av Norges beste kvinnelege maratonløpar Kirsten Marathon Melkevik.

Margunn var svært nøgd etter løpet, og det hadde ho god grunn til. Ho forbedra den personlege rekorden sin med i overkant av halvtanna minutt, og blant dei som måtte finna seg i å koma til topps godt etter Margunn, var den gamle løpardronninga Ingrid Christiansen som framleis er i svært god form.

Utan at eg kjenner lagshistorien til Uskedal idrettslag godt nok vil eg tru, at dette er ein av dei største prestasjonane eit lagsmedlem har gjort. Kanskje den aller største??



Tre fornøgte uskedelinger: Bjørn E. Haugland, Margunn Eik og Tor Vidar Sæle.

Det var tre uskedelinger som stilte til start i konkurranseklassen. Dei to andre var også godt fornøgd. Bjørn Egil Haugland sette ny personleg rekord, medan Tor Vidar Sæle deltok for første gang. Dei kom i mål like bak Margunn, med Bjørn Egil som den beste av dei to. Begge kunne glede seg over at dei var føre nemnde Ingrid Christiansen.

I mosjonsklassen deltok mange spreke uskedelinger. Fire av dei vart trekt ut og fekk gåvepremie. Det var: Svein Ove Bråtun, Johannes Haugland, Lars Haugland og Veslemøy Haugland.

Det var svært god deltaking, godt med publikum og arrangementet vart flott avvikla. Med TV2 som sponsor får vi og heilt sikkert sjå frå stemnet på den kanalen. Etter det eg kjenner til var og NRK til stades. Det er berre å følgje med på sportsendingane!!

Tekst og foto: Thor Inge Døssland.



Rett før start i dameklassen.